



ULSTEIN KOMMUNE



Prosjektplan

Pilot nærttenestesenter

Ulstein kommune

Servicetorg og dokumentsenter 12.09.24

www.ulstein.kommune.no

Innhold

1 Mål og rammer	3
1.1 Bakgrunn	3
1.2 Hovudmål	3
1.3 Resultatmål og delmål	4
1.4 Rammer og avgrensingar	5
2 Prosjektorganisasjon og lokasjon	5
2.1 Prosjektorganisasjon	5
2.2 Lokasjon	5
3 Prosjektoppfølgning	5
3.1 Avgjerdspunkt	5
3.2 Statusrapportering	5
3.3 Milepålar	5
4 Målgrupper og kommunikasjonsplan	6
4.1 Målgruppe	6
4.2 Kommunikasjonsplan	7
5 Risikovurdering	7
5.1 Risikofaktorar	7
6 Gjennomføring	Feil! Bokmerke er ikke definert.
6.1 Hovudaktivitet	Feil! Bokmerke er ikke definert.
6.2 Tidsplan	9
7 Økonomi	10

1 Mål og rammer

1.1 Bakgrunn

Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) [inviterer 10. november 2023](#) kommunane til å søkje om å vere med på eit treårig pilotsamarbeid om utvikling av nærttenestesenter for offentlege tenester – dette med bakgrunn i at regjeringa legg til grunn at gode tenester nær folk er viktig.

Ulstein kommune søkte 21. desember 2023 om å få vere pilotkommune for etablering av nærttenestesenter. [Den 26. juni 2024 fekk vi tilbakemelding frå regjeringa](#) om at vi var ein av ni kommunar som fekk delta i dette pilotprosjektet, og vi vart tildelt kr 1 679 000 million i tilskot i prosjektperioden. I piloten med nærttenestesenter skal kommunen prøve ut ulike former for «samlokalisering av statlege og kommunale publikumstenester». Dette mellom anna for å betre tilgang til statlege publikumstenester i område med lange reiseavstandar, i tillegg til at vi kan gi betre tilgang til kommunale tenester gjennom tettare dialog med våre innbyggjarar.

Kommunen har i dag eit servicetorg og dokumentsenter som har ansvaret for postmottak, sentralbord, arkiv og politisk sekretariat – dette i tillegg til at vi tek imot publikum som skal har avtalt møte med tilsette på rådhuset. Rådhuset er utover dette stengt for publikum. Dette fører til at det er lite kontakt mellom innbyggjarane og tilsette på rådhuset – utover dei møta som er avtalt på førehand – noko som vi trur vil bli betre med eit ope nærttenestesenter.

1.2 Hovudmål

I nasjonale forventningar til fylkeskommunal og kommunal planlegging 2023-2027 har regjeringa sagt at dei

forventar at fylkeskommunane og kommunane legg berekraftsmåla, dei nasjonale klima- og miljømåla og lokalt folkestyre til grunn for samfunns- og arealplanlegginga, og legg til rette for trygge, berekraftige og levande lokalsamfunn i heile landet. Gode lokalsamfunn er grunnsteinar i ei berekraftig utvikling, og det er viktig å motverke sentralisering som svekkjer lokale tenester og tilbod. Levande distrikt er også avgjerande for å sikre matproduksjonen og at jordbruksareala blir haldne i drift.

FN sine berekraftsmål er eit internasjonalt samarbeid om å utjamne sosiale ulikskapar og ivareta klimaet og miljøet på jorda. Ein må ha berekraftig økonomi for å kunne løyse desse utfordringane.

I arbeidet med nærttenestesenteret skal vi særskilt ta utgangspunkt i desse hovudmåla:

- ✓ God helse og livskvalitet
- ✓ Mindre ulikskap
- ✓ Berekraftige byar og lokalsamfunn
- ✓ Samarbeid for å nå måla



I kommuneplan – samfunnsdel 2017-2029 står det at

Ulstein er i vekst, med nye utfordringar og positive endringar for innbyggjarar og nye utfordringar for regionalt næringsliv. Ulsteinsamfunnet si forankring ligg i vår kulturelle tradisjon og identitet, tufta på kjerneverdiane nyskaping, omsorg, rausheit og mangfald.

I arbeidet med nærttenestesenteret skal vi særskilt ta utgangspunkt i desse hovudmåla:

- ✓ *I Ulstein skal vi saman utvikle eit attraktivt, inkluderande og mangfaldig samfunn der identitet, trivsel, samhald og verdiskaping står sterkt. Ulstein skal legge til rette for eit variert og kvalitativt kulturtilbod som gir innbyggjarane moglegheit for deltaking og oppleving gjennom heile livsløpet.*
- ✓ *Alle, uansett alder, skal ha høve til å få oppleve deltaking, identitet, meining og tryggleik gjennom tilhøyrse, sosial støtte og sosialt nettverk. Barn og unge skal ha eit sunt og inkluderande oppvekstmiljø som gir dei høve til å oppleve meistring og utvikle sine evner og interesser. Ulstein kommune skal legge til rette for langsiktig folkevekst. Det er ei målsetting å skape høg livskvalitet for innbyggjarane, og arbeid med førebygging gjennom planlegging og tiltak vert prioritert.*
- ✓ *Innbyggjarane skal ha tilgang på og tileigne seg ny kunnskap gjennom framtidsretta opplæring, utdanning og yrkeskompetanse som er tilpassa skiftande behov. Kommunen skal vere ein spydspiss i bruk av ny teknologi innanfor opplæring, kompetanseheving og produksjon.*
- ✓ *Ulsteinsamfunnet og kommunen skal vere mellom dei fremste i landet på nyskaping gjennom digitalisering og bruk av ny teknologi. Dette kan opne for knoppskyting og nyetablering i framveksande næringar og effektivisering i arbeidslivet gjennom fornying, forenkling og forbetring. Vi skal utvikle nye løysingar og ta ut gevinst frå desse. Element frå "Smart Society" skal tilpassast lokal kontekst gjennom bruk av ny teknologi og delingsøkonomi.*

1.3 Delmål

1. Redusere digitalt utanforskap
 - Ha tilgjengeleg utstyr
 - Rettleiing
 - Opplæring
 - Lågterskel tilbod
 - Vurdere ambulerande teneste vs. fysisk oppmøte
2. Verte meir tilgjengelege
 - Nærttenestesenter midt i sentrum
 - Universelt utforma
 - Samlokalisering med innbyggartorg, bibliotek, svømmehall, klatrehall og idrettshall
3. Betre tilgang til offentlege tenester – både statlege og kommunale
 - Samanhengande og heilskaplege tenester for brukarane
 - Auka kvalitet
4. Omdømmebygging
 - Meir fornøgde innbyggjarar
 - Meir sjølvhjelpete innbyggjarar
 - Meistring
 - Meir fornøgde tilsette
5. Økonomi

- Redusert press på organisasjonen – tid er pengar
- Prosjektet skal ikkje gå ut over gitte rammer jamfør punkt 7.

6. Tiltak for å halde fram med tenesta etter prosjektperioden

- Evaluere jamt
- Avdekke forbedringsbehov
- Ikkje skape “kunstige” behov

1.4 Rammer og avgrensingar

Prosjektet skal gjennomførast innan fastsett tidsramme frå 12.09.2024 til 31.12.2026 med ei total kostnadsramme på 3 380 000 kroner. Ressursbruk og aktivitetsomfang er avgrensa til etablering og drift av nærtenesesenteret.

2 Prosjektorganisasjon og lokasjon

2.1 Prosjektorganisasjon

Oppdragsgjevar	Ulstein kommune
Prosjektansvarleg	Monica Cecilie Torp
Prosjektleder	Helga Bøe
Styringsgruppe	Kommunedirektøren si leiargruppe
Prosjektgruppe	Helga Bøe, Hanne Marte Sukka, Eli Marte Dalhaug, Janne-Marit Myklebust og Zari Demirova
Brukarmedverknad	Orientering i og innspel frå ungdomsrådet, fellesrådet og levekårsutvalet

2.2 Lokasjon

Nærtenesesenteret vert, saman med innbyggartorg og digihjelp, plassert i biblioteket sine lokale midt i sentrum av Ulsteinvik. Lokalet er universelt utforma.

3 Prosjektoppfølgjing

3.1 Avgjerdspunkt

Oppstartsdato: 13.09.24

Når prosjektplanen er godkjent og det operative arbeidet i prosjektfasen kan starte.

3.2 Statusrapportering

Sektoren som er ansvarleg for prosjektet har koordineringsmøte kvar måndag, her vil prosjektleder rapportere om framdrifta. Prosjektansvarleg (Kommunalsjef organisasjon og utvikling) tek det vidare inn i styringsgruppa.

3.3 Milepålar

01	12.09.24	Vedtak i kommunestyret
02	13.09.24	Ferdigstille prosjektplan og starte prosjektet
03	16.09.24	Starte gjennomføring av ROS-analyse og vurdere DPIA
04	30.09.24	Informasjon i ungdomsrådet
05	01.10.24	Informasjon i fellesrådet

06	02.10.24	Informasjon i levekårsutvalet
07	24.10.24	Digitalt drypp i kommunestyret
08	14.10.24- 15.10.24	Oppstartssamling. Dialog med KDD og statlege samarbeidspartnarar
09	15.10. 24 ->	Opplæring av tilsette
09	21.10.24 - 31.12.24	Dialog med statlege aktørar som t.d. Statens vegvesen, NAV, lånekassen, Politiet og spesialisthelsetenesta
10	21.10.24 – 31.10.24	Informasjon internt og eksternt
11	01.11.24	Opne nærttenestesenter saman med innbyggartorg og digihjelp
12	01.02.25	Rapportere utgifter fram til 31.12.24 Kommunal- og distriktsdepartementet
13	01.04.25	Aktivitetsrapportering 2025
14	07.04.25	Evaluering av prosjektet så langt og ev. justeringar
15	April 25	Statusrapport til kommunestyre
16	15.12.25	Rapportere utgifter fram til 30.11.25 Kommunal- og distriktsdepartementet
17	15.12.26	Rapportere utgifter fram til 30.11.26 Kommunal- og distriktsdepartementet
18	01.04.26	Aktivitetsrapportering 2026
19	13.04.26	Evaluering av prosjektet så langt og ev. justeringar
20	April 26	Statusrapport til kommunestyre
21	15.05.26	Evaluering og mogleg vidareføring av prosjektet i ordinær drift
22	Desember 26	Sluttrapport til kommunestyret

4 Målgrupper og kommunikasjonsplan

4.1 Målgruppe

Målgruppe	Mål	Grad av påverknad	Tiltak
Digitalt utanforståande	Verte digitalt sjølvhjelpne.	Stor	Drop-in, avtale om opplæring, halde opplæringsmøte (tema)
Unge	Finne tenestene dei treng. Redusert reiseavstand.	Medium	Drop-in, avtale om opplæring, koordinere tilgang til statlege tenester
Eldre	Verte digitalt sjølvhjelpne. Lettare tilgjenge til tenester.	Stor	Drop-in, avtale om opplæring, halde opplæringsmøte (tema), universelt utforma lokale
Flyktning	Verte digitalt sjølvhjelpne. Redusert reiseavstand. Lettare tilgjenge til tenester.	Stor	Drop-in, avtale om opplæring, halde opplæringsmøte (tema) Koordinere tilgang til statlege tenester
Arbeidsinnvandrar	Verte digitalt sjølvhjelpne. Redusert reiseavstand. Lettare tilgjenge til tenester.	Stor	Drop-in, avtale om opplæring, halde opplæringsmøte (tema), koordinere tilgang til statlege tenester
Tilsette	Meir tid til andre oppgåver, auka kompetanse.	Medium	Opplæring, avklart oppgåvefordeling

4.2 Kommunikasjonsplan

Prosjektleiari må sikre at dei ulike aktørane bidreg med informasjon i heile prosjektperioden – dette for å sikre forankring og informasjon om prosjektet. Innbyggartorg/digihjelp og nærttenestesenter = innbyggartorg

Målgruppe	Mål og budskap	Kommunikasjonsform	Ansvarleg
Politikarar, innbyggjarar og samfunnet	Forankring ved å informere om prosjektet Omdømmebygging. Informasjon om at vi er pilot og at vi skal prøve ut ulike modellar for samhandling Avklare forventningar	Orientering politiske møter og artiklar på heimesida	Prosjektleiari politisk Kommunikasjonsrådgivar
Alle tilsette i kommunen	Orientering internt om prosjektet	Intranettartikkel	Kommunikasjonsrådgivar
Statlege aktørar	Samarbeid: Aktiv part i prosjektet. Sikre at aktørane har same forståing for utfordringar og at det kan løysast på lågaste nivå	Faste Teams-møte	Prosjektleiari

5 Risikovurdering

5.1 Risikofaktorar

Risikofaktorane under skisserer risiko med innføring av nærttenestesenter, ikkje berre gjennomføring av prosjektet.

Risikofaktor	Sannsyn	Konsekvens	Tiltak
Manglande samarbeid stat/kommune	Medium	Høg	Aktiv tilbakemelding Informasjon om prosjektet lokalt Rapportere til departementet
Meirbelastning for kommunane (prosjektperioden)	Medium	Medium	God prosjektstyring God oppgåvefordeling Informasjon
Vi skaper eit behov som i utgangspunktet ikkje er her	Medium	Høg	Evaluerer jamt Oppfølging av vert Avklare forventningar
Brot på personvern	Høg	Medium	Samtalerom Gode rutinar Informasjonsskilt
Tek over arbeidet for innbyggjaren	Låg	Medium	Gode rutinar Brukarvenleg utstyr
Tek over arbeidet til statlege verksemdar	Låg	Medium	Avklare forventningar
Vald og truslar/sikkerheit	Medium	Medium	Felles opningstid med bibliotek Kameraovervakning Gode rutinar

Mangelfull teneste frå kommunen	Låg	Låg	God rutine
---------------------------------	-----	-----	------------

6 Gjennomføring

6.1 Tidsplan

Oversikt over bruk av ressursar på dei ulike aktivitetane vert rapportert til KDD årleg, elles viser vi til punkt 7.

Aktivitet	Tidsplan																											
	2024				2025												2026											
	09	10	11	12	01	02	03	04	05	06	07	08	09	10	11	12	01	02	03	04	05	06	07	08	09	10	11	12
Prosjektleiing	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x
Vedtak i kommunestyret	x																											
Ferdigstille prosjektplan og starte prosjektet	x																											
Starte gjennomføring av ROS-analyse og vurdere DPIA	x	x										x	x															
Informasjon, involvering og rapportering politisk		x					x												x									x
Informasjon internt og eksternt		x																										
Opplæring av tilsette		x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x
Oppstartssamling. Dialog med KDD og statlege samarbeidspartnarar		x	x	x																								
Evaluering																												
Rapportering KDD						x		x								x				x								x
Evaluering og mogleg vidareføring av prosjektet i ordinær drift								x											x					x				

7 Økonomi

Kostnadsoverslag	2024	2025	2026	Totalt
Prosjektleiing og prosjektgruppe (50%)	450 000	450 000	450 000	
Prosjektvert (30%)	100 000	200 000	200 000	
Tilpasse lokale inkludert møblar	50 000	150 000	30 000	
Marknadsføring	30 000	100 000	50 000	
Opplæring	75 000	110 000	110 000	
Kursmateriell/info fysisk og digitalt	20 000	80 000	10 000	
IKT-utstyr/lisensar - inkl. bookingsystem	135 000	75 000	70 000	
Mobilnett biblioteket	50 000	0	0	
Reise/oppald nettverksamling - bygging	61 000	61 000	61 000	
Hente- og tolketeneste innbyggjarar med behov	20 000	80 000	80 000	
Sum	991 000	1 306 000	1 06 1000	3 358 000